

Fra: Gunnar Trones [mailto:gunnar.trones@sula.kommune.no]
Sendt: 23. desember 2010 14:14
Til: Postmottak JD
Emne: Vedr. Høring - strafferettslige særreaksjonar m.v...

Ber om vidaresending til dykkar ref:
2010009890 ES TSA/bj, datert 22.10.2010

Eg viser til pkt 2 "Gjeldende rett" og eksemplene på kategorier kriminalitet som der er lista opp.
(Tjuveri/innbrot/identitetsforfalskning osv)

Eg saknar her omtale av **vald/trugslar**, og undrar på om det frå justisdpt. sin side er meint at dette berre skal sjåast i eit straffelovrettslig lys og derfor haldast utanfor her.

Eg nemner dette fordi:

Vår største utfordring ute i kommunane når det gjeld den omtalte gruppa, er korkje tjuveri, forfalsking eller annan vinningskriminalitet.

Hovudutfordringa vår er at tilsette vert utsett for vald, trugslar og trakasering når dei skal yte tenester til enkelte innanfor målgruppa omfatta av høringa.

Ofte er dette i eit slikt omfang at våre tilsette blir redd for å gå på jobb, vert sjukemeld, eller rett og slett sluttar i jobben.

For kommunen er dette vanskelig, fordi voldsutøvar samtidig er brukarar/pasient som har krav på helse/pleie- og omsorgstenester, samstundes som kommunen pliktar å sørge for eit forsvarleg arbeidsmiljø for dei tilsette.

Vi opplever at politiet ikkje kan straffeforfølgje dei dette gjeld, samstundes som psykisk helsevern heller ikkje kan sjå at dei skal vere "straffe- eller soningsanstaltar" for denne gruppa. Forståelig nok.

Altså blir kommunen sine tilsette som er sett til å levere helse/pleie/omsorg/-og andre servicetenester ståande att som einaste instansen mellom den kriminelle og samfunnet rundt, og i dette skjæringspunktet skjer altså overgrepa mot våre tilsette.

Også familiar og naboar/publikum får sin del av dette, og alle ropar dei på kommunen sidan både politiet og psykisk helsevern er makteslause. Dei oppsøker då kommunen, med krav om at vi må gå inn med åtgjerder for å hindre vedkommande i den ukritiske framferda/trakasseringa av nærmiljøet. Dette blir jo også ganske absurd, når ein veit at våre tenester skal ytast i tett samråd med brukaren, og at brukarmedverking står sentralt i dette samspelet. Merk at eg ikkje omtalar psykisk utviklingshemma her. Dei har vi tilstrekkeleg lovverk for, og ansvaret er klårt nok definert.

Eg talar om personar som er strafferettsleg tilrekelege, men ikkje soningsdyktige. Den straffeforfølgingsrettslege sida av påtaslemakta definerar seg ut når det kjem til desse, og sjølv om politiet stiller opp når vi ringer har det liten eller ingen konsekvens for skadevoldar.

Konklusjon:

Politiet er makteslaus. Psykisk helsevern er makteslaus. Kommunen er makteslaus.

Det kunne vere freistande å seie at når samfunnet er makteslaus så vert våre tilsette vert slått helselaus, men det er sjølvsagt å sette det aldeles på spissen, men dere skjønner kva eg meiner.

Mitt todelte spørsmål blir:

Er den gruppa eg omtalar (strafferettslig tilreknelig men ikkje soningsdyktig, eller ikkje psykotisk men "litt gal") omfatta av denne høyringa, eller er det alminneleg strafferett som gjeld?

Kva bør vege tyngst for kommunen som tenesteleverandør og arbeidsgjevar når det kjem til stykket..... Omsynet til brukaren sin rett på helsehjelp/sosiale tenester, eller omsynet til eit forsvarleg arbeidsmiljø?

Eg forventar ikkje eit formelt og bindande svar frå justisdpt. på denne e-posten (sjå på det som eit hjartesukk frå ein kommunearbeidar), men tar gjerne mot synspunkt frå dykk på spørsmålsstillingane mine. Det hadde også vore fint å få tilbakemelding på om det er gitt uttrykk for tilsvarande frustrasjon i samband med denne høyringa frå andre kommunar/instansar.

MVH

Gunnar Trones
Driftseiningsleiar støttestab
Sula kommune
P.B 280,
6039 LANGEVÅG
TLF: 70199100 / 70199554
Mob.tlf: 41100375
gunnar.trones@sula.kommune.no
www.sula.kommune.no